


Garasje i blått . Maks 50 m2



7. apr. 2022 kl. 10:32 skrev Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>:

Hei

Viser til forespørsel i byggesakvakta i går vedr. oppføring av garasje som er unntatt søknadsplikt.

Eiendommen din gbnr. 139/90 ligger som LNF-spreidd bustad i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, jf. pkt. 3.4.3. jf. tabell 6.1.

Det følger av pkt. 3.4.3 bokstav b) at: «På eigedomar, med eksisterande bygningar, kan det gjevast løyve til tiltak i samsvar med føresegn 2.2.1 når tiltaket ikkje fører til etablering av nye bueingar eller bruksendring til anna føremål enn bustad».

Bokstav c) setter krav om at bygd areal ikkje må overstige 30 % BYA og at samlet bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus ikkje skal overstige 400 m<sup>2</sup>.

Føresegn pkt. 2.2.1 åpner for unntak fra krav om reguleringsplan «for eksisterande bygde eigedommar i område for bygg og anlegg, grønstruktur og samferdselsanlegg og infrastruktur kan det tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-4 bokstav a, b, c og e og 20-5 når vilkåra under er oppfylt».

Ved fortetting i område for bygg og anlegg som i vesentleg grad er bygd ut utan reguleringsplan, kan det gjevast unntak for krav om reguleringsplan for etablering av tiltak etter pbl § 20-1 når vilkåra under er oppfylt. Unntak frå krav om reguleringsplan gjeld for inntil 2 naust, 2 bueingar, 2 fritidsbustader (einingar) for kvart område i planperioden, jf. pbl. § 11-10 nr. 1. Føresegna opnar for at tomte kan delast etter at tiltaka er ført opp, utan plankrav, men gjev ikkje rom for oppføring av fleire einingar etter at ny eigedom er oppretta. For desse tilfella vil plankravet gjelda.

1. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sine føresegner og retningslinjer.
2. Tiltaket fører ikkje til ei vesentleg auke i miljøbelastninga for omgjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for nærmiljøet (bygde og naturgitte omgjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom mm.) eller vesentleg negativ verknad for nasjonale og regionale interesser.
3. Nye tiltak skal ha løysing for vatn og avløp som kommunen godkjenner. Det skal primært vere felles løysingar for eit område.
4. For nye tiltak må forholdet til tilkomstveg, avkjørsle og byggegrense mot veg vere godkjent av kommunen/aktuell vegmynde jf. pbl. § 11-10.nr 1.
5. Nye tiltak er tilpassa eksisterande bygningar når det gjeld høgde, volum, estetikk og grad av utnytting, jf. pbl. § 11-10.nr 2.
6. Tiltaket er ikkje ein etappe eller del av større utbyggingsprosjekt. Lindås kommune – Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031- Føresegner og retningslinjer 6
7. Kommunen vurderer det ikkje som naudsynt med reguleringsplan for å oppnå ein heilskapleg område[1]eller strøksutvikling.

Dersom garasjen du skal oppføre er under 50m<sup>2</sup> BYA/BRA er dette å anse som mindre tiltak etter pbl § 20-4 bokstav a). Garasjen kan da føres opp utan søknad til kommunen etter at du har fått dispensasjon frå Vestland fylkeskommune dersom vilkårene som er listet opp 1-7 er oppfylt.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)